



NORSKE REDNINGSHUNDER

HORDALAND DISTRIKT

Invitasjon til lavinesamling i Røldal 2. – 4. desember 2016

NRH Hordaland Distrikt har gleda av å ynskja alle hundeførarar i distriktet velkomne til hundeførarsamling i Røldal 2. – 4. desember 2016. Treninga vil føregå i Røldal og/eller Haukeli. Det vert moglegheit for å ta fyrste del av C-kurset på samlinga.

Instruktørar

Tor Monsen
Karen-Sofie Skotheim
m.fl.

Overnatting

Me overnattar på hytter i Røldal Hyttegrend & Camping. Her kan hundane bu i bur inne på hyttene. Ta med sovepose eller sengetøy.

Mat

Laurdag vert det servert komlemiddag. Resten av måltida må kvar enkelt syta for sjølv.

Vegskildring:

Køyr inn i Røldal sentrum og forbi Røldal stavkyrkje. Campingplassen ligg på venstre side av vegen eit par hundre meter etter kyrkja. Ta kontakt med Hilde Norheim (tlf. 97667663) eller Tor Monsen (tlf. 40427693) når du kjem til Røldal.



Betaling og påmelding

Prisen for samlinga er:

550,- for hundeførarar i Hordaland distrikt

750,- for medlemmer i Hordaland distrikt

1100,- for medlemmer frå andre distrikt

Påmelding til hilde.norheim@gmail.com og betaling til NRH Hordaland Distrikt på kontonr. **5296.05.01160** innan **24.11.16**. Merk betalinga med ”*Treningsamling Røldal 2016*”.

Medlemmer frå NRH Hordaland Distrikt har førsterett ved påmelding og betaling innan **01.11.16**.

Eventuelt forfall må meldast snarast av omsyn til deltakarar som står på venteliste. Ein må rekna med eit forfallsgebyr dersom ein melder seg av samlinga etter påmeldingsfristen. Kravet fell bort dersom forfallet er grunna sjukdom som er stadfesta av lege-/veterinærattest eller dersom kursleiinga finn nokon som kan overta plassen.

Pakkeliste

- VARME kle og sko
- Varmedekken/jervenduk til hund
- Spade
- Sondestang
- Jervenduk til figurantbruk
- Liggjeunderlag
- Snøbriller
- Treningsdekken til hund
- NRH-vest til hundeførar
- Belønning til hund
- Beredskapssekk (dei som har)
- VHF-radio (dei som har)
- Truger/ski
- Bæsjeposar
- Tørrmat, drikke og snacks for heile helga
- Sengetøy eller sovepose
- Håndkle
- Toalettsaker

Oppmøte og program

Oppmøte vert frå klokka 18.00 og utover. Resten av programmet for helga vert avtalt på felles informasjonsmøte klokka 20.00.

Eventuelle spørsmål om samlinga kan sendast til Hilde Norheim på mail, hilde.norheim@gmail.com, eller på telefon 97667663.

VELKOMNE TIL RØLDAL! ☺